



Forum Arkitekter AS
Anne Carlsen
Damsgårdsveien 16
5058 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4619 - 15/33874

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
05.11.2015

Godkjent endring av løyve - gbnr 138/21 Tveiten øvre - riving

Administrativt vedtak. Saknr: 490/15

Tiltakshavar: FG Eigedom AS, 5918 Frekhaug
Ansvarleg søkjar: Forum Arkitekter AS, 5058 Bergen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Tiltak

Søknaden gjeld endring i ansvarsrett for PRO og UTF, i løyve datert 18.07.2013.
Saka omfattar riving av 4 bygg; naust, garasje og fabrikkbygning med drivhus.
Det vert elles vist til søknad motteke 02.11.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming 02.11.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Føretaket Forum Arkitekter AS har fått godkjent ansvarsrett som ansvarleg søkjar (SØK) for tiltaket.

Føretaket Norsk Riving AS, org.nr. 815538412 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterande (PRO) miljøsanering og riving.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket Norsk Riving AS, org.nr. 815538412 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) miljøsanering og riving.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

VEDTAK:



Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Føretak	L/S *	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde	Org. nummer
Norsk Riving AS	S	PRO, T2, miljøsanering og riving	815538412
Norsk Riving AS	S	UTF, T2, miljøsanering og riving	815538412

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngevest.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4619

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta. Sjå vilkår i løyve frå 18.07.2013.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

	Gebyr
10.2 Pbl § 20-1	
10.2.8 Delt sakshandsaming, endring i løyve	Kr. 2.900,-
10.2.9 Godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning . Kr. 1.000,- pr. føretak.	Kr. 1.000,-
Totalt gebyr å betala	Kr. 3.900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

FG Eiendom AS

Sagstadveien 67 5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Forum Arkitekter AS

Damsgårdsveien 5058
16

BERGEN